



KVINNHERAD
K O M M U N E

Seksjon kultur, næring og utvikling

Erling Bjarte Gjerde
Hatlestrandsvegen 791

5635 HATLESTRAND

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Francesca Galdiolo	48025632	2019/1314-18		24.04.2019

Foryngingsplikt – 32/1 – Erling Bjarte Gjerde

Foryngingsplikt etter hogst

I høve til lov om skogbruk § 6 og forskrift om berekraftig skogbruk kap. 3 (§§ 6-8) har du som skogeigar plikt til å gjennomføre naudsynte tiltak for å sikre tilfredsstillande forynging innan tre år etter hogst.

Bakgrunn

Fylkesmannen i Hordaland har saman med Kvinnherad kommune gått gjennom registrerte data i skogfondssystemet for hogst av gran og foryngingsarbeid på din eigedom. Vi har ikkje registrert noko tilfredsstillande foryngingstiltak etter den registrerte avverkinga.

Forklaringar på dette kan være:

- Avverkinga er tynningshogst
- Arealet er lagt til rette for naturleg forynging
- Arealet er omdisponert til andre formål enn skogproduksjon
- Arealet er planta utan bruk av skogfond
- Andre alternativ som går fram frå eigenmeldingsskjema

Vi ber deg om å gi ei tilbakemelding på kvifor det ikkje er registrert foryngingstiltak etter den registrerte avverkinga. Vær venleg og bruke vedlagte eigenmeldingsskjema til dette.

Eigenmeldingsskjemaet skal returnerast innan 30. april 2019 til *Kvinnherad kommune v/ skogbruksansvarleg, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal* eller med e-post til post@kvinnherad.kommune.no.

Dersom kommunen ikkje mottok eigenmeldingsskjemaet vil forholdet bli følgd opp etter skogbrukslova sine reglar om foryngingsplikt.

Utnytt skogfond og få skattefordelar

Du kan finansiere planting med midlar frå skogfondkontoen din. Ved bruk av disse midlane får du ein betydeleg skattefordel. Les meir på www.skogfond.no

Ønskjer du meir informasjon, ta kontakt med skogbruksansvarleg i kommunen Francesca Galdiolo eller ein lokal skogbruksorganisasjon i ditt område.

Med helsing

Francesca Galdiolo
Saksbehandler

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.